



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200408711
Arkivnr. 310
Sakshandsamar Mathisen, Gudrun

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	27.01.05	26/05

DEN BLÅ-GRØNE MATALLIANSEN. NY STRUKTUR PÅ FORSKINGSINSTITUTTA. FRÅSEGN

Fylkesutvalet 27.01.05

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

” Endring i pkt. 4 siste setning:

Bergen og Hordaland peikar seg ut som det naturlege hovudsetet for marin forskning i Noreg, og også for lokalisering av hovudkontoret til eit ev. holdingselskap og dotterselskap, dersom staten likevel vedtek å oppretta slike.”

Røysting

Innstillinga pkt. 1-3 vart samrøystes vedteken.

Holmefjord Olsen sitt forslag til ny siste setning i pkt. 4 vart vedteke med 15 røyster mot ingen røyster for siste setning i innstillinga pkt. 4.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland er positiv til ei betre samordning av forskinga innanfor fiskeri, havbruk og landbruk. Rammevilkåra må leggja til rette for forskingsfagleg samarbeid og komplementær arbeidsdeling med utgangspunkt i eksisterande sterke fagmiljø.
2. Fylkesutvalet går inn for at havbruksstasjonane framleis må eigast og drivast av det enkelte forskingsinstituttet. Ei samling i eit eige aksjeselskap vil ikkje vera tenleg i høve til forskinga.
3. Fylkesutvalet er positive til framlegget om å auke og spissa satsinga på næringsretta forskning, men ser ikkje at det er ei god løysing å samle all slik forskning innanfor blå og grøn sektor i eit nasjonal konsern.
4. Bergensregionen har det tyngste marine forskings- og næringsmiljøet i Noreg. Bergen og Hordaland peikar seg ut som det naturlege hovudsetet for marin forskning i Noreg, og også for lokalisering av hovudkontoret til eit eventuelt holdingselskap og dotterselskap, dersom staten likevel vedtek å oppretta slike.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 31. januar 2005

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200408711-3
Arkivnr. 310
Saksh. Mathisen, Gudrun, Døskeland, Inge

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	27.01.2005

DEN BLÅ-GRØNE MATALLIANSEN. NY STRUKTUR PÅ FORSKINGSINSTITUTTA. FRÅSEGN

SAMANDRAG

Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet oppnemnte hausten 2003 ei styringsgruppe med oppdrag å gå gjennom dei respektive sektorane sine forskingsinstitutt for å få fram strukturelle tiltak som kan gi auka synergi.

Styringsgruppa sitt framlegg går ut på å:

1. etablere ein fellesarena, *Den blå-grøne matalliansen* – for dei blå og grønne forskingsaktørane,
2. opprette eit infrastrukturselskap som overtar havbruksstasjonane til dei aktuelle institutta, men også dei som er drivne av universiteta og andre,
3. skilje mellom institutt som arbeider med næringsretta og forvaltingsretta forskingsverksemd,
4. samle den næringsretta forskingsverksemda i eit holdingselskap.

Infrastrukturselskapet vert organisert under holdingselskapet. I tillegg skal eksisterande eigarar av infrastruktur halde fram som eigarar.

Holdingselskapet vert eigd av dei 4 aktuelle universiteta/eksisterande randsoneselskap ved dei, innleiingsvis også av dei to departementa, som eventuelt etter kvart overlet eigarskapet til næringsorienterte aktørar. Etableringa av endeleg struktur under holdingselskapet gjennomførast i to fasar. I første fase etablerast Holdingselskapet, som arbeider for å overta eigarinteressa i dei næringsretta institutta. I andre fase vil selskapet vera i drift med nye slagkraftige dotterselskap.

Fylkesrådmannen meiner det er fornuftig med ei betre samordning av forkinga innanfor og mellom fiskeri, havbruk og landbruk. Samordninga må ta utgangspunkt i eksisterande sterke fagmiljø og leggja til rette for ei komplementær arbeidsdeling. Det er likevel ikkje ei god løysing å samle all næringsretta forking innanfor blå og grøn sektor i eitt nasjonalt konsern. Havbruksstasjonane bør ikkje sentraliserast til eit felles aksjeselskap. Bergensregionen har landets tyngste marine miljø og peiker seg ut som den beste lokaliseringa for eit hovudsenter for marin forking, også for eit eventuelt nytt holdingselskap og eit eller fleire dotterselskap for næringsretta forking.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland er positiv til ei betre samordning av forskinga innanfor fiskeri, havbruk og landbruk. Rammevilkåra må leggja til rette for forskingsfagleg samarbeid og komplementær arbeidsdeling med utgangspunkt i eksisterande sterke fagmiljø.
2. Fylkesutvalet går inn for at havbruksstasjonane framleis må eigast og drivast av det enkelte forskingsinstituttet. Ei samling i eit eige aksjeselskap vil ikkje vera tenleg i høve til forskinga.
3. Fylkesutvalet er positive til framlegget om å auke og spissa satsinga på næringsretta forskning, men ser ikkje at det er ei god løysing å samle all slik forskning innanfor blå og grøn sektor i eit nasjonal konsern.
4. Bergensregionen har det tyngste marine forskings- og næringsmiljøet i Noreg. Bergen peiker seg ut som det naturlege hovudsenteret for marin forskning i Noreg, og også for lokalisering av hovudkontoret til eit eventuelt nytt holdingselskap og eit eller fleire dotterselskap for næringsretta forskning.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg:

FYLKESRÅDMANNEN, 03.01.2005:

Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet oppnemnte hausten 2003 ei styringsgruppe med oppdrag å gå gjennom dei respektive sektorane sine forskingsinstitutt for å få fram strukturelle tiltak som kan gi auka synergi.

Styringsgruppa har hatt medlemar frå næringslivet, Noregs forskingsråd og dei to departementa, med adm.dir. Finn Bergesen NHO som leiar. Styringsgruppa la fram innstillinga 01.12.2004.

Innstillinga er sendt på høyring med frist 1. februar 2005. Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet ber om synspunkt spesielt på punkta 1-4 nemnt i samandraget ovanfor og punktet om eigarskap.

Samadrag av styringsgruppa si innstilling

Utgangspunkt for arbeidet

Blå-grøn forskning er forskning retta mot marin sektor og landbrukssektoren. Slik forskning skal vera på eit internasjonalt nivå og på internasjonal konkurransearena. Noreg bør ha ambisjonar om framleis å vera internasjonalt leiande innanfor enkelte forskingsområde innan blå og grøn forskning.

Det er behov for ei styrking av innovasjonsretta kunnskapsutvikling, i nært samspill med bedriftene i næringa. Framtidig næringsretta forskingsstruktur skal innrettast mot å betene næringslivet og leggja grunnlaget for vinnande næringsklynger.

Det er i dag er eit fragmentert forskningssystem innanfor sektorane. Forskingsmiljøa må vera store nok til å bli fagleg leiande og administrativt effektive. Det er eit mål at samkøyring av verksemda over tid skal gi meir forskning for kvar krone. Forskningsstrukturen skal leggja til rette for ei verdikjedebasert forskning. Det inneber at dei enkelte aktørane skal vera i eit nettverk kor forskinga har tilgang til kunnskap om heile verdikjeda, utan at alle relevante verdikjeder vert dekt innanfor kvar enkelt eining. Forskningsinstitutta skal fungere som universiteta sine randsoneinstitutt, og det skal ikkje byggjast opp parallelle kompetansmiljø. Dagens samarbeid bør utviklast vidare og styrkjast.

Dei aktuelle forskingsmiljøa

Institutt for akvakulturforskning AS (Akvaforsk), Norsk institutt for fiskeri- og havbruksforskning AS (Fiskeriforskning), Havforskningsinstituttet, Matforsk AS, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES), Norconserv AS, Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk), SINTEF Fiskeri og havbruk AS og Veterinærinstituttet.

Dagens forskning er kartlagt og presentert i eit vedlegg. Institutta hadde til saman driftsinntekter på 1,5 milliardar kr i 2003 og i alt 1626 tilsette, av desse 657 forskarar. Fire institutt er forvaltingsorgan, fem er aksjeselskap. Fire er tilknytt Fiskeri- og kystdepartementet, fire er kopla opp mot Landbruks- og matdepartementet og eitt er frittstående. Institutta er geografisk spreidd; tre har hovudkontor på Ås, to i Bergen, eitt i Oslo, eit i Stavanger, eit i Trondheim og eit i Tromsø.

Relevante delar av universiteta og dei vitenskaplege høgskulane sine aktivitetar er omtalt og vurdert. Det er særleg Universitetet i Tromsø, Universitetet i Bergen, NTNU, Noregs landbrukshøgskole og Noregs veterinærhøgskole som er relevante i blå-grøn samanheng.

Styringsgruppa sitt forslag - Samla innsats og ny struktur

Styringsgruppa gjer framlegg om ein ny struktur, med skilje mellom infrastruktur, forvaltingsretta og næringsretta oppgåver. Gruppa gjer framlegg om å

1. etablere ein fellesarena, *Den blå-grøne matalliansen* – for dei blå og grønne forskingsaktørane,
2. opprette eit infrastrukturselskap som overtek havbruksstasjonane til dei aktuelle institutta, men også dei som er drivne av universiteta og andre,
3. skilje mellom institutt som arbeider med næringsretta og forvaltingsretta forskingsverksemd,
4. samle den næringsretta forskingsverksemda i eit holdingselskap.

Den blå-grøne matalliansen

Det bør opprettast eit rådgivande og koordinerande fellesorgan – *Den blå-grøne matalliansen* - der forvaltingsretta og næringsretta institutt kan koma saman med dei viktigaste forskingsfinansierande organa. Fellesorganet bør vera møteplass for diskusjon av aktuelle problemstillingar, koordinere felles saker, gi råd om

samla, strategiske satsingar til styresmaktene og Noregs forskingsråd og etablere eit nettverk for informasjonsutveksling. Forskringsrådet bør leia fellesorganet og ha sekretariatet, og utforme mandat.

Havbruksstasjonar

Det vert skipa eit aksjeselskap med oppgåve å eiga og drive havbruksstasjonane. I første omgang bør selskapet ta over stasjonane til Fiskeriforskning, Akvaforsk og Havforskningsinstituttet, Veterinær-medisinsk Oppdragscenter AS sitt forsøksanlegg i Nord-Trøndelag og Torskeavlstasjonen i Tromsø. På sikt bør alle dei offentlege havbruksstasjonane inngå i selskapet. Infrastrukturselskapet inngår som ein del av det næringsretta forskingskonsernet. Etableringa bør skje på grunnlag av utgreingar av det økonomiske fundamentet og etter forhandlingar med eigarar og samtaler med brukarar.

Forvaltingsretta forskning

Styringsgruppa meiner departementa må gjennomgå og konkretisere behovet for FoU-basert forvaltingsstøtte, som grunnlag for vedtak om korleis desse tenestene bør kjøpast.

Næringsretta verksemd bør skiljast organisatorisk frå forvaltingsretta verksemd. Dette inneber i prinsippet utskiljing av næringsretta verksemd ved forvaltingsinstitutta. Utskiljinga bør skje på grunnlag av ein nøytral, ekstern gjennomgang av forskinga ved kvart institutt og forhandlingar mellom institutta og det selskap som tek over. Tilsvarande opplegg bør gjennomførast ved dei næringsretta institutta for vurdering av om det er oppgaver som bør overførast til dei forvaltingsretta institutta.

Dei forvaltingsretta institutta kan berre utføre oppdrag frå næringslivet i den grad de ikkje kjem i konflikt med habilitet, når dei næringsretta institutta ikkje kan utføre dei eller når temaet berre omfattar eit forvaltingsretta institutt sitt kjerneområde. Ut over dette bør dei forvaltingsretta institutta fungere som underleverandørar til dei næringsretta institutta på fagområde der dei utfyller desse.

Departementa må gå gjennom strukturen, innretninga og finansieringsmodellane for den attverande forvaltingsretta forskinga i lys av konklusjonane i den komande stortingsmeldinga om forskning. Det er viktig at koplingane mellom dei forvaltingsretta institutta og universiteta vert opprettheldt.

Næringsretta forskning

Dagens organisering er ikkje tilstrekkelig innretta mot å løyse utfordringane til næringslivet. Den er fragmentert og prega av ein ressursøydande konkurranse. Næringslivet ønskjer ein forenkla struktur som er lett å venda seg til og som tilbyr heilskaplege løysingar. Styringsgruppa foreslår at det vert oppretta eit holdingselskap – *Norsk fiskeri- og matforskning AS NOFIMA* – som skal overta eigarinteressene i Akvaforsk, Fiskeriforskning, Matforsk, Norconserv, SINTEF Fiskeri og havbruk samt den utskilte delen av Havforskningsinstituttet, og byggja desse einingane saman i eit nytt, næringsretta forskingskonsern.

Basert på dagens ressursar gir det eit selskap med driftsinntekter på om lag 450 mill. kroner og ca. 500 årsverk. Konsernet vil vera lokalisert i Tromsø, Bergen, Ås, Stavanger og Trondheim. I tillegg vil det vera forskingsgrupper lokalisert til havbruksstasjonane.

Ut frå faglege, ressursmessige og strukturelle omsyn finn ikkje Styringsgruppa det naturleg å inkludere Planteforsk/Bioforsk i framlegget til modellar. Ein bør likevel gå gjennom instituttet og vurdere kva det er ønskjeleg å leggja inn i det næringsretta FoU-selskapet frå samtlege av dei forvaltingsretta institutta. Institutt for husdyr- og akvakulturvitskap ved Noregs landbrukshøgskole fungerer både som universitets- og næringsinstitutt. Matforsk er fellesinstituttet for vidareforedling av primærproduksjonen både for plante og husdyrsektoren, med tette samarbeidsforhold til Bioforsk og Noregs landbrukshøgskole.

Styringsgruppa ser for seg ein prosess i to fasar. Den første vil omfatte forhandlingar med dagens eigarar om overtaking, krav knytt til det og eigarane si rolle i det framtidige selskapet. I andre fase vil selskapet vera i drift med nye, slagkraftige dotterselskap.

I etableringsfasen må dei to departementa vera med på forpliktande grunnlag som eigarar, for å gi nødvendig eigarmessig kontinuitet, tyngde og gjennomføringskraft, ikkje minst i forhandlingane om overtaking av institutt. Når konsernet er operativt, bør departementa vurdere å overdra sine eigarpostar til andre næringslivsfokuserte interessentar.

I tillegg bør universiteta/ eksisterande randsoneselskap gå inn som eigarar i den første fasen. Ein bør søkja ein modell kor dei to departementa saman med eitt av universiteta/ tilhøyrande randsoneselskap har over 50% av aksjane, og kor tre universitet/ tilhøyrande randsoneselskap saman har negativ kontroll. Eigarane må opptre slik at selskapet blir internasjonalt konkurransedyktig, m.a. med eit profesjonelt styre i forhold til forretningsmessig drift, samt vilje til å tilføre økonomiske ressursar for nødvendige satsingar og omstillingar.

Aksjonæravtalen må ha som ein intensjon at eit fleirtal i styret har næringslivstilknytning. Avtalen må m.a. avklare kva som skal skje ved styringsproblem eller usemje, forhold ved oppløysing av selskapet og skildring av overgangen frå etableringsfase til driftsfase.

Konsernleiinga bør bestå av ein nøytral og strategisk orientert leiar samt leiarane for dei operative einingane i holdingselskapet. Selskapet må etablerast raskt, slik at ein held oppe framdrifta og utnytjer energien som er skapt i arbeidet så langt. Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet må ta initiativ i framdrift og utarbeiding av aksjonæravtaler for fase 1.

I den første fasen må ein få på plass ein handlingskraftig direktør og ein liten administrativ stab, gjennomføre overtakinga av institutta, etablere samarbeidsrelasjonar til dei andre aktørane i Den blå-grøne matalliansen, og førebu og gjennomføre dei nødvendige organisatoriske endringane, med lokalisering av hovudkontor for holdingselskapet og dotterselskapa.

Styringsgruppa føreset at dotterselskapa som skal utføra forskning vert eigd 100% av holdingselskapet.

Om blå-grøn forskning i Hordaland - institutt, universitet og høgskular

Bergen og Hordaland har eit stort forskingsmiljø innanfor blå-grøn sektor, med hovudvekt på marin forskning. Institutt med hovudkontor i Hordaland:

- *Havforskningsinstituttet (HI)* i Bergen har distriktskontor i Matre og Austevoll, samt i Tromsø og Arendal. HI er det største forskingsinstituttet, 442 årsverk og 570 mill kr i inntekter (2003) som 38% av samla inntekter til dei aktuelle institutta. Forvaltingsorgan under Fiskeridepartementet.
- *NIFES Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning*. 87 årsverk, 4% av samla inntekter. Forvaltingsorgan under Fiskeridepartementet.

Institutt med distriktskontor i Hordaland

- *Fiskeriforskning – Norsk institutt for fiskeri- og havbruksforskning AS*. Hovudkontor i Tromsø, distriktskontor i Bergen.
- *Planteforsk – Norsk institutt for planteforskning*. Hovudkontor på Ås, 14 distriktskontor, av desse eit i Lofthus.
- *Veterinærinstituttet*. Hovudkontor i Oslo, 4 distriktskontor, av desse eit i Bergen.

Andre tunge fag- og forskingsmiljø er Universitetet i Bergen, Noregs Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen, Nansen Senter for Miljø og Fjernmåling, Norsk institutt for vannforskning, Rogalandsforskning, Stiftelsen for samfunns- og næringslivsforskning.

Drøfting

Generelt om innstillinga

Fiskeri, havbruk og landbruk har verknader for næringsmiddelindustri og norsk økonomi generelt, og for regional utvikling, sysselsetjing og busetnad i distrikts-Noreg spesielt. Dei blå og dei grønne næringane har fellestrekk, men det er også store skilnader mellom dei. Landbruk er i hovudsak innretta mot heimemarknaden, mens kystnæringane er retta mot den internasjonale marknaden og utsett for svært sterk konkurranse. Verdiskapinga har i stor grad vore tufta på tilgjengelege naturressursar og eit konkurransedyktig kostnadsnivå. Dersom verdiskapinga skal vera konkurransedyktig i framtida, må den i mykje større grad basera seg på kunnskap og kompetanse. Sterke forskingsmiljø og god kontakt med næringslivet er ein føresetnad for at kunnskapen kan kome til nytte i auka innovasjon og verdiskaping.

Det er positivt at Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet grip fatt i denne problemstillinga, og vi er samde i visjonen som er lagt til grunn, om å skapa rammevilkår for tett forskingsfagleg arbeidsdeling og samarbeid mellom dei ulike miljøa, for å oppnå synergieffekter.

Ei omstrukturering av forskinga må fremje næringa sitt behov for nyskaping og innovasjon på tvers av eksisterande strukturar. Det er viktigare å få eit internasjonalt leiande forskingsmiljø som kan skapa distriktsnæringar på sikt enn å spreia innsatsen på mange små miljø.

Behovet for samordna satsing på marin forskning

Kyst-Noreg har særlege næringsmessige føremoner innanfor marin sektor. Ei betre og samordna satsing innanfor dette feltet vil vera av stor verdi for framtidig vekst og utvikling, ikkje berre for nasjonen, men óg internasjonalt.

Oppbygginga av marine forskingsmiljø i Noreg er ikkje godt nok koordinert i dag. Ei samordna satsing må ta utgangspunkt i dei eksisterande marine forskingsmiljøa. Det bør vera eit prinsipp å vidareutvikla desse forskingsmiljøa innanfor dei felte der dei allereie er sterke. Samordning må innebere ei klår arbeidsdeling, med komplementære oppbyggingar i staden for oppbygging av mange mindre og konkurrerande miljø med overlappande satsingsfelt. På den måten kan vi få samla nasjonal styrkje ved samarbeidande klynger.

Oppretting av eit infrastrukturselskap

Hordaland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å opprette eit aksjeselskap som skal eiga og driva havbruksstasjonane. Forskingsstasjonane knytt til Havforskningsinstituttet er ein integrert del av instituttet og er viktige arbeidsreiskap i forskinga. Ein kan samanlikna havbruksstasjonane med dei arealressursane som Planteforsk har, og som ikkje er vurdert lagt inn i infrastrukturselskapet. God naturfagleg forskning er tent med ei konkret tilknytning til den naturfaglege empirien, og det vil vera eit alvorleg tilbakesteg om den etablerte forskinga må gå vegen om kjøp og sal for å få tilgang til sine eigne forskingsobjekt. Etablering av marknadsmessige relasjonar vil her fungera som ein fordyrande og unødvendig omveg.

Skilje mellom næringsretta og forvaltingsretta forskning

Hordaland fylkeskommune er positiv til framlegget om å auke og spissa satsinga på næringsretta forskning. Innovasjon og verdiskaping føreset eit samspel mellom næring og forskning. Framlegget om å skilje forvaltingsretta og næringsretta forskning kan vera ei konstruktiv tilnærming. Samstundes må ein sikra at det er samanheng mellom grunnforskinga og næringslivet.

Eit godt samspel er avhengig av geografisk nærleik mellom forskingsmiljøa og næringsaktørane. Dette kan ein oppnå ved samlokalisering på utvalde satsingsområde. Eit døme kan vera at Tromsø-miljøa vert styrkt innanfor fiskeriforskning og forvaltingsretta fiskeriforskning. Eit anna døme er å byggja opp under eksisterande samspel mellom FoU, næringsliv og kapital ved å styrkja Bergen innanfor marin grunnforskning og forvaltings- og næringsretta havbruksforskning.

Bergen er eit også eit naturleg sentrum for havbruks- og bioteknologidelen, ut i frå allereie etablerte kompetansemiljø, mellom anna Universitetet i Bergen med medisinsk forskning og nærleik til næringsutøvarane. Bedriftene som er i startgropa for ny næringsutvikling ved oppskalering av oppdrett innanfor nye marine artar har store behov for tett samspel med forskingsmiljøa.

Eit holdingselskap for næringsretta forskning

Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er ei god løysing å samle all næringsretta forskning innanfor blå og grøn sektor i eitt nasjonalt konsern. Det kan bli for hierarkisk og tungrodd, og vi vil heller tilrå å utvikla eit utstrakt nettverksamarbeid. Innanfor marin sektor er det likevel trong for ei overbygning som dekkjer heile den marine verdikjeda, frå grunnforskning til marknadsforskning. Dette bør fungera slik at det er tydeleg kven som gjer kva, og kor det er lokalisert.

Det maritime kompetansemiljøet i Bergensregionen er Europas tyngste maritime forskningsmiljø. Det nyt høg internasjonal respekt og er i verdstoppen på fleire forskingsfelt. Miljøet er prega av variasjon og fagleg breidde, med store aktørar som opererer nasjonalt og internasjonalt, mens andre er mindre og opererer meir lokalt. Den største norske næringsklynga innanfor marin sektor finn ein også i Bergensregionen, med eksportretta næringsaktørar innanfor fiske, oppdrett, oppdrettsfôr, shipping og maritim verksemd og finans.

Oppretthalding, styrking og utvikling av Bergensmiljøet må vera eit hovudgrep i høve til innstillinga om å laga eit slagkraftig, robust nasjonalt forskningssystem som står seg i internasjonal konkurranse og har ei tett kopling til universiteta. Bergen må satsast på som det naturlege hovudsenteret for marin forskning i Noreg.

Dersom det vert etablert eit holdingselskap for den næringsretta delen av forskinga, peiker Bergen seg ut som den beste lokaliseringa for eit hovudkontor og eit eller fleire dotterselskap.